



Notat

Dato: 16.05.2014
Arkivsak: 2014/336-3
Saksbehandlar: hanespe

Til: Kultur- og ressursutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Endring i tildeling av tilskot til friluftsliv

Tildeling av **statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar til friluftsliv 2014** vart vist i referatsak til Kultur og ressursutvalet 13. mai 2014. Innanfor ordninga *Tiltak til friluftsføremål 2014 kap. 1420 post 78* har det kome tilbakemelding på ei tildeling. Det gjeld Stord/Fitjar Røde Kors Hjelpekorps. Dei søkte om midlar til utbetring av uteareal ved Lundarstølhytta. Dei fekk tilsagn på kr 35 000,- men fordi leigeavtala om Lundarstølhytta utgår, kan dei ikkje ta imot tilskotet. Leigeavtalen opphøyrer 01.07.2014.

Midlane vert omdisponert til ein av dei andre søkjarane på ordninga. Bergen og Hordaland Turlag vert tildelt kr 35 000,- til *Kom deg ut-dagane*. Føresetnad for tildeling er at tilskotet skal nyttast i eit nystarta turlag under Bergen og Hordaland Turlag.